

Grethe Elin Mjelde
Avd. Miljøretta helsevern
Rådmannen – Lindås kommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/220 - 17/1894

Saksbehandlar:
Nils Kvalvågnes
Nils.Kvalvagnes@lindas.kommune.no

Dato:
20.01.2017

Svar på varsel om tilsyn.

I samband med varslel om tilsyn frå Miljøretta helsevern dat 13.12.16 er Myking skule beden om å senda over følgjande dokumentasjon:

- Innholdsfortegnelsen av internkontrollsystemet
- Internkontrolldokumentasjon og prosedyrer knyttet til §§ 13 og 19
- Dokumentasjon fra siste gjennomførte kartleggingsrunde for elevenes fysiske arbeidsmiljø og skolens/ledelsens oppfølging av denne
- Eventuelle målerapporter (radon, CO₂, temperatur, luftfuktighet)
- Renholdsplan for daglig renhold, periodisk renhold og hovedrennjøring
- Vedlikeholdsplan eller tilsvarende for bygget
- Evt tilbakemelding fra FAU og Elevrådet

Deler av dette internkontrollansvaret ligg til andre einingar og avdelingar og underteikna har difor oversendt varsel med dokumentasjonsforespørselen til einingsleiar for Eigedomsavdelinga og avdelingsleiarane for vedlikehald og drift og reinhald.

? Innholdsfortegnelsen av internkontrollsystemet:

Myking skule er omfatta av Lindås kommune sitt internkontrollsystemet.

Internkontrollsystemet til kommunen er elektronisk og ligg på Intranettet til kommunen:

<https://lindas.intra.customopublish.com/hmt.322924.nn.html>

Kommunal HMT-leiar og ansvarleg for oppfølging av internkontrollsystemet er:

Per Terje Engedal, -

Utskrift av innhaldsliste for den papirbaserte styringsdelen/HMT-handboka for Lindås kommune ligg som vedlegg 1.

Organisering av HMT-ansvaret

I handboka er HMT-ansvaret presentert i organisasjonskartet som synt i vedlegg 2.

HMT-ansvaret når det gjeld reinhald, vedlikehald og teknisk drift av Myking skule ligg under eininga Eigedom med HMT-ansvarleg einingsleiar Therese Urdal. I det daglege er HMT-ansvaret for reinhaldet ved Myking skule lagt til avdelingsleiar Ronny Hoff og HMT-ansvaret for vedlikehald og teknisk drift lagt til avdelingsleiar Knut Hopland. Desse forvaltar og følgjer opp kommunen sine HMT-rutinar, systemkontroll og dokumentasjonsarkiv for sine ansvarsområde. Underteikna er berre sporadisk involvert i dette .

Internkontrolldokumentasjon og prosedyrer knyttet til §13

Reingjering og vedlikehald.

Reinhaldet ved skulen vert organisert og leia av eigedomsavdelinga v/ avdelingsleiar Ronny Hoff. Reinhaldet ved skulen vart «effektivisert» i 2015 og reihaldsinnssatsen redusert med nær 1/3 stilling.

Infoskriv frå avdelingsleiar for reinhald om grunnlaget for dette tiltaket ligg ved . Skulen har vanskar med å forstå grunnlaget for tiltaket slik det vert skildra i infoskrivet, og opplever at dette tiltaket i lag med langvarig sjukemelding hjå reihaldar ved skulen har ført til dårligare/ikkje tilfredsstillande reinhald i periodar med mykje vikarbruk.

Internkontrolldokumentasjon og prosedyrar knytt til §19

Inneklima og luftkvalitet.

HMS-ansvaret for dette området ligg til Eigedomsavdelinga v/ avdelingsleiar Knut Hopland. Einingsleiar og avdelingsleiar er varsla om tilsynet 26. januar og er bedne om å senda over etterspurd dokumentasjon som synt i tilsynsbrevet frå Miljøretta helsevern.

Inneklima vert vurdert som bra. Hovudbygget har mekanisk/ balansert ventilasjon med god kapasitet og skulen har rutinar for lufting. Elevane brukar ikkje utesko i klasserommet.

Fjernstyringssystemet for temperatur og varme er fjernstyrt og skulen opplever periodar med ustabilitet og mangefull regulering av temperatur og varme. Skulen har ikkje innsynsmoglegheit for feilmeldingar og loggar frå dette systemet.

Eventuelle målerapporter (radon, CO₂, temperatur, luftfuktighet)

Skulen har ikkje tilgang på data og loggar på dette området. Syner til Eigedomsavdelinga sitt intenkontrollsysteem for drift og vedlikehald ved Myking skule. Siste radonmåling vart utført i 2013.

Renholdsplan for daglig renhold, periodisk renhold og hovedrennjøring

Kopi av reihaldsplan ligg ved. Internkontollansvaret for dette området ligg hjå Eigedomsavdelinga. Einingsleiar og avdelingsleiar er varsla om tilsynet 26. januar og er bedne om å senda over etterspurd dokumentasjon som synt i tilsynsbrevet frå Miljøretta helsevern.

?

Vedlikeholdsplan eller tilsvarende for bygget.

Eigedomsavdelinga har Internkontrollansvaret for bygg og anlegg ved Myking skule. Einingsleiar og avdelingsleiar er varsla om tilsynet 26. januar og er bedne om å senda over etterspurd dokumentasjon som synt i tilsynsbrevet frå Miljøretta helsevern. Skulen rapporterer inn feil og vedlikehaldsbehov til det elektroniske vedlikehaldssystemet WEB-lord. Skulen si leiing er ikkje involvert i planlegginga av vedlikehald og oppgraderingar.

Internkontrolldokumentasjon og prosedyrar knytt til skulen si oppfølging av forskrift om miljøretta helsevern.

?

Dokumentasjon fra siste gjennomførte kartleggingsrunde for elevenes fysiske arbeidsmiljø og skolens/ledelsens oppfølging av denne.

Dokumentasjon på sist gjennomførte vernerunde med handlingsplan og oversendingsbrev om gjennomføringa ligg ved.

Handlingsplanen er resultat av gjennomført vernerunde 29. oktober 2015. I samband med denne vernerunden vart og sjekkliste for krav etter forskrift om Miljøretta helsevern og Opplæringslova § 9.a. om elevane sitt skolemiljø er gjennomgått og naudsynte tiltak lagt inn i handlingsplanen. Det same gjeld tiltak i samband med kontroll av leikeområde j.f. kontrollrapport frå Leikeplasskontrollen med kontrolldato 14.10.15 og tilsynsrapport av 09.12.15 etter branntilsyn ved skulen.

Skulen er no i gang med oppfølging av ny vernerunde gjennomført 18. januar 2017. k Internkontrollark for vernerunden samt kartleggings og kontrollark ligg ved. Handlingsplan er no under utarbeidning for drøfting og godkjenning i trepartssamarbeidet og i skulen sine råd og utval. Handlingsplanen skal til godkjenning i Samarbeids- og skolemiljøutvalet 26.01.17. Deretter vert handlingsplanen oversendt kommunen som dokumentasjon og for vidare oppfølging av meir omfattande tiltak.

?

Evt tilbakemelding fra FAU og Elevrådet.

Elevrådet og FAU har tre representantar kvar i Skolemiljøutvalet. Elevrådsleiar deltek på vernerundar og elevrådet og FAU handsamar Handlingsplan for HMT. Skalemiljøutvalet godkjenner Handlingsplan for HMT og følgjer elles opp skulen sine brukarundersøkingar når det gjeld elevmiljø. Leiar i Elevrådet, FAU og skalemiljøutvalet er invitert til å delta ved tilsynet frå Miljøretta helsevern 26.januar.

Med helsing

Nils Kvalvågnes
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Ragna Midtbø

Mottakarar:

Grethe Elin Mjelde

Vedlegg:

1. Innholdsliste kommunalt HMT-system – Styringsdel
2. Organisasjonskart – linjeansvar HMT –Nivå 1.
3. Organisasjonskart – linjeansvar HMT –Nivå 2.
4. Innhaldsoversikt Internkontrollsysten – Myking skule – Gjennomførings og dokumentasjonsdel.


Vedlegg 1:

Innhold:

| | | |
|----------|---|---|
| A.1. | FØREORD | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.2. | INTRODUKSJON AV HMT-SYSTEMET | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.2.1. | KVA ER INTERNKONTROLL? | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.2.2. | VIRKEOMRÅDE - KVA LOVER..... | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.3. | KOMMUNEN SIN HMT-FILOSOFI | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.4. | ORGANISASJONSOVERSIKT | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.4.1. | LINJELEIING/ ARBEIDSGEVARLINJA..... | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.4.2. | ORGANISASJONSKART, LINDÅS KOMMUNE. | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.4.2.1. | <i>Delane i systemet.....</i> | <i>Feil! Bokmerke er ikke definert.</i> |
| 5. | HMT-ANSVARET I KOMMUNEN | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.5.1. | ARBEIDSGEVAR SITT ANSVAR | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.5.2. | ARBEIDSLEIAR SITT ANSVAR | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.5.3. | ARBEIDSTAKAR SITT ANSVAR | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.5.4. | FLEIRE ARBEIDSGEVARAR PÅ SAME ARBEIDSPLASS | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.6. | GJENNOMFØRING OG DOKUMENTASJON | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.6.1. | INNLEIING | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.6.2. | GJENNOMFØRING AV SENTRALE OPPGÅVER | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.6.3. | SPESIELT OM HANDLINGSPROGRAM HMT | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.6.4. | SPESIELT OM AVVIKSHANDTERING..... | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.6.5. | OPPFØLGING AV SJUKMELDE..... | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.6.6. | "HMT-PROSJEKT FOR NÆRVÆR OG REDUKSJON AV SJUKEFRÅVER"FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. | |
| A.7. | AMU, VERNEOMBOD. VERNE-OG HELSEPERSONALEFEIL ! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. | |
| A.7.1. | ARBEIDSMILJØUTVALET (AMU)..... | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.7.2. | ATTFØRINGSUTVAL OG AKAN-UTVAL (UNDERUTVAL AV AMU)FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. | |
| | ATTFØRINGSUTVALET | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| | AKAN-UTVALET | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.7.3. | VERNEOMRÅDE OG VERNEOMBOD | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.7.4. | HOVUDVERNEOMBOD | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.7.5. | HMT OG BEDRIFTSHESSETENESTE | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.8. | SYSTEMKONTROLL | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.8.1. | SYSTEMANSVARLEG..... | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.8.2. | ERFARINGSTILBAKEFØRING | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.8.3. | MELDING OM SYSTEMFEIL | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.8.4. | ENDRING AV SYSTEMET | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.8.5. | INTERNT TILSYN | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| A.8.6. | KONTROLL FRÅ TILSYNSORGAN | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |
| | VEDL.1 KOPLINGAR TIL ULIKE SKJEMA..... | FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT. |



Niva 1 i organisasjonen Lindas kommune. Oppdatert 2. nov. 2016



Vedlegg 3:

